
Fra: Henning Haugland <henning@nomaco.no>
Sendt: 19. november 2015 15:10
Til: Postmottak Radøy; 'jarle.landaas@radoy.kommune.no'; Jon Askeland
Kopi: Kenneth Murberg; Christel Villanger Håland; Vidar Grindheim;
Normann Sæbø
Emne: Svar til Radøy Kommune

Hei.

Viser til e-post frå Jon Askeland der Leier og Nestleiar i Hovudutvalet er bedt om drøfte brevet frå Radøy Høgre og saka seg imellom. På vegne av kommunestyrerepresentantar i Radøy Høgre ønskjer med å komme med nokre bemerkningar til nevnte e-post.

Opplysningar som er kommen fram den siste tida tyder på at saka ikkje er handsama på ein demokratisk og tillitsvekkjande måte. Særleg er det grunnlag for å være kritisk til måten beslutningsmynde vart delegert til rådmannen i Hovedutvalets møte den 4. november 2015. Me vurderer det slik at det kan hefte fleire formelle sakshandsamingsfeil ved handsaminga, og materielt framstår det heller ikkje som om Hovudutvalet har foretatt ei reell vurdering av om saka er av prinsipiell betydning.

Me vurderer difor at det einaste forsvarlege vil være at Radøy Høgre står fast ved at beslutningsmynde *ikkje* er gyldig overført til rådmannen ved Hovedutvalets avgjerd av 4. november 2015. Difor vil vårt forslag til vidare sakshandaming vere at Hovedutvalet vert innkalt til eit nytt møte for å drøfte saka.

Dei beste grunner talar for at denne saka er så viktig at den *må* verta gjenstand for politisk vurdering. Dette for å sikre demokratisk legitimitet bak den endelige avgjerda. Me er sjølvstilt merksam på statens rundskriv kva gjeld asylsituasjonen i Noreg, men som folkevalde har me ei sentral og viktig rolle i å sørge for at det lokale sjølvstyre vert sikra i tilstrekkelig grad.

Avslutningvis finn me grunn til å påpeike at denne saka er av såpass stor betydning, at me vil fremsetje krav om at saka vert behandla og avgjort av kommunestyret. Bakgrunnen for dette er at samansetjinga i Hovudutvalet ikkje gjenspeglar samansetjinga i kommunestyret som er valgt av innbyggjarane i Radøy kommune. Det er kun ei avgjerd frå kommunestyret som vil ha den naudsynte demokratiske legitimitet.

På vegne av kommunestyrerepresentantar i Radøy Høgre

Kenneth Taule Murberg

Christel Villanger Håland

Vidar Grindheim

Normann Sæbø

Henning Haugland

